

# Opning og konstituering av møtet

## Rogaland SVs nominasjonsmøte 2024

*Forslag frå fylkesstyret*

### Opning og konstituering

1. Opning av møtet ved leiar.

Godkjenning av innkalling.

Val av ordstyrarar og referentar

2. Vidare konstituering av møtet ved ordstyrarane

Opprop. Godkjenning av delegatar og fullmakter

Godkjenning av dagsorden og tidsplan

Godkjenning av forretningsorden.

Val av teljekorps

Val av protokollunderskrivarar

## Konstituering

### Ordstyrarar

Martin Liland, Eigersund SV

Hilde Slotnes, Karmøy SV

### Referentar

Oda Eikeland Nilsen, Stavanger SV

Lars Helge Strand, Gjesdal SV

# Forretningsorden for nominasjonsmøtet i Rogaland SV 2024

*Forslag frå fylkesstyret*

## 1. Opent møte

Årsmøtet er opent dersom ikkje noko anna blir bestemt.

## 2. Deltakarane sine rettar

2.1 Full tale-, forslags- og stemmerett har

- a) Delegatane valt av lokallaga og SU, jf. vedtektene § 2.1
- b) Representantskapsmedlemmer, inkludert fylkesstyret.

2.2 Tale- og forslagsrett har

- a) Stortingsrepresentant og fylkestingsrepresentantar
- b) Kontaktpersonar for sentrale utval
- c) Fylkessekretær
- d) Observatørar frå lokallaga
- e) Leiar av nominasjonsnemda

## 3. Fristar og fremming av forslag

3.1 Endringsforslag til stortingslista må leverast skriftleg med namn på forslagsstillar før strek blir sett i debatten. Ordstyrar refererer innkomne endringsforslag før strek blir sett.

## 4. Taletid

4.1 Taletida er 3 minutt første gong og deretter 2 minutt for fleire innlegg i same sak. Innleiing til saka er unntatt. Ordstyrarane kan føreslå avgrensing av talet på innlegg per person.

4.2 Møtet avgjer når strek blir sett i debatten. Før strek blir sett skal talarlista og endringsforslag refererast, og nye talarar kan be om ordet.

4.3 Det kan bli gitt inntil 2 replikkar på kvart innlegg, på inntil 1 minutt kvar. Ein replikk skal berre vera ein merknad eller eit spørsmål til den som har innlegget. Den som hadde innlegget får høve til å svara i inntil 1 minutt.

4.4 Ordet til forretningsorden skal berre handla om formalitetar og prosedyre, og er på inntil 1 minutt. Ingen kan ha ordet til forretningsorden meir enn 2 gonger i same forretningsordendebatt.

4.5 Ordet til forretningsorden og replikk blir gitt utanom talarlista.

4.6 Ordstyrar kan føreslå fleire avgrensingar i taletida.

## 5. Votering

5.1 Votering skjer normalt ved handsopprekking. Ordstyrarane tel stemmer dersom det er aktuelt. Votering skjer skriftleg dersom nokon krev det.

5.2 Ein kandidat er vald dersom vedkomande får meir enn halvdelen av dei avgitte stemmene, der blanke stemmer ikkje tel. Ved tre eller fleire forslag til same plass går den med færrest stemmer ut for kvar omgang inntil ein av kandidatane får meir enn halvdelen av dei avgitte stemmene. Ved like mange stemmer til kvar kandidat blir det omval, og deretter loddtrekking dersom det framleis står likt.

## 6. Protokollen

Protokollen skal innehalda:

- Oversikt over møtedeltakarar, møtefunksjonærar og innleiarar.
- Oversikt over saker som blir behandla.
- Oversikt over forslagsstillarar og forslag.
- Innstillingar, vedtak, og stemmetal der det er aktuelt.

To protokollunderskrivarar godkjenner og skriv under protokollen. Representantskapet godkjenner protokollen endeleg.